

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
039/2018	Formannskapet i Radøy	PS	07.06.2018
026/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	21.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	18/1479	18/7833

Økonomiplan 2019 - 22

Saksopplysingar:

Vurdering

Rådmannen legg med dette fram økonomiplan for perioden 2019-22 til politisk handsaming, jf særskilt dokument.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Økonomiplan for Radøy kommune for perioden 2019-22 vert godkjent slik den ligg føre.

Formannskapet i Radøy - 039/2018

FS - handsaming:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte i saka. Han peika mellom anna på den stigande gjeldsbyrda som kommunen vil få utover i økonomiplan-perioden og inn i Alver kommune. Formannskapet ønskjer å vera sitt ansvar bevisst som Radøy kommune, og vil ta dei nødvendige debattane og gjera noko med den økonomiske situasjonen før kommunen blir ein del av Alver kommune. Vidar Grindheim (H) sa at Radøy-politikarane har plikt på seg til å sjå til at investeringane er rasjonelle og fornuftige.

Ordførar Jon Askeland sette fram følgjande felles oversendingsframlegg til kommunestyret: Formannskapet meiner kommunestyret må ta ansvar for Radøy kommune sine økonomiske utfordringar og ikkje overlata dette til Alver kommune. Formannskapet meiner at ved framlagde økonomiplanar frå Lindås og Meland må Radøy vurdere økonomiplanen på nytt for å få konsolidert økonomiplan på plass.

Formannskapet slutta seg til oversendingsframlegg sett fram i møtet.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Økonomiplan for Radøy kommune for perioden 2019-22 vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret i Radøy - 026/2018

KS - handsaming:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte i saka og minna om at dette er det siste økonomiplanvedtaket som blir gjort for Radøy kommune. Han peika på at i løpet av hausten 2018 vil arbeidet med å konsolidera økonomiplanane for Lindås, Meland og Radøy verta sett igang, og ein vil då få eit innblikk i korleis situasjonen vil sjå ut for Alver kommune.

Økonomisjefen konstaterer at det er mange usikre faktorar som spelar inn knytt til økonomiplanen både for Radøy og dei to andre kommunane. Han trekte fram ei rekkje føresetnader for økonomiplanen som skal vera felles for dei tre kommunane. Rådmennene i Lindås, Meland og Radøy har samkjørt føresetnadane for økonomiplanen så langt det lar seg gjera. Konsolidering av økonomiplanane til ein plan for Alver vert gjort etter at kvar kommune har vedteke sin økonomiplan. Konsolidert økonomiplan for Alver skal vera klar før ordinær handsaming av budsjett for 2019 i kvar kommune.

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

KS - vedtak:

Økonomiplan for Radøy kommune for perioden 2019-22 vert godkjent slik den ligg føre.

Vedlegg:

Økonomiplan 2019-22 FS